



# Kommunale retningsliner for handsaming av motorferdslesaker i utmark, Vaksdal kommune

## - Justert framlegg -



Foto: Sveinung Klyve.



Foto: Oliver Gravermoen.

Vedtekne av kommunestyret i Vaksdal kommune 29.03.22

## **1.0 BAKGRUNN**

### **1.1 Rammer**

Motorferdsle i utmark vert i hovudsak regulert av følgjande regelverk:

- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag ([link](#)).
- Forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag ([link](#)).

Som forklaring til regelverket har Miljøverndepartementet utarbeidd Rundskriv T-1/96 ([link](#)).

Regionale planar med tyding for motorferdsle i utmark i Vaksdal kommune er:

- Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde 2016-2027.
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017.

### **1.2 Generelt forbod**

Motorferdsle i utmark og på vassdrag er i utgangspunktet forbode, med mindre det er tillette etter motorferdslelova eller med heimel i lova, jf. § 1. All ferdsle skal vere i samsvar med gjeldande lovar og reglar.

### **1.3 Føremålet med lovverket**

Motorferdsle skje på ein slik måte som vernar om naturen og fremjar trivnad, jf. motorferdslelova § 1.

Lova skal ikkje hindre naudsynt, motorisert ferdsle, men regulere den unødvendige og underhaldningsprega ferdsla. Transporten skal i dette høvet gjennomførast på ein aktsam og omsynsfull måte for naturmiljø og menneske.

### **1.4 Kommunen si rolle**

Kommunen skal handsame søknadar om løyve til motorferdsel i utmark og vassdrag, og informere/rettleie om regelverket.

### **1.5 Lokale retningsliner – bakgrunn og føremål**

Kommunen kan gje dispensasjon frå det generelle forbodet mot motorferdsle i utmark. Dette må skje innanfor føremålet med motorferdslelova og det handlingsrommet regelverket gjev. Dei kommunale retningslinene er utarbeidd som grunnlag for kommunen si handaming av søknadar om løyve til køyring. Kommunen har ikkje hatt slike retningsliner tidlegare.

Retningslinene omtaler motorferdsle på både barmark og vinterføre, og ved transport med luftfartøy (helikopter og sjøfly). Bruk av motorbåtar og el.syklar vert også omtalt.

Heimel for å fastsetje retningsliner for motorferdsel i utmark på vinterføre, er gjeve i «Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag» §§ 3, 5, 6 og 7.

Heimel for å fastsetje retningsliner for landing med helikopter og sjøfly i utmark, er gjeve i ”Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag” § 5.

Kommunen har ikke høve til å setje retningsliner for bruk av motorkøyretøy på barmark utanfor bilveg (td. ATV). Slik ferdsle er regulert av forskrifta om motorferdsle § 2.

Retningslinene er vedtekne av kommunestyret den 29.03.22, og gjeld inntil vidare.

## 2.0 SØKNADEN

Skriftleg søknad om løyve til motorferdsle i utmark eller på vassdrag, skal fremjast på Vaksdal kommune sitt søknadsskjema for motorferdslesaker. Skjemaet skal vere tilgjengeleg på kommunen sine nettsider. Alle naudsynte opplysingar, med vedlegg, må kome fram i søknaden. Manglande informasjon skal supplerast av søkjar før handsaming.

Søknadar som kan handsamast ved delegert vedtak, bør sendast inn tre veker før planlagd tiltak. Saker som skal til politisk handsaming, bør vere kommunen i hende innan 2 månadar før gjennomføring.

Søknaden skal vere knytt til eitt av følgjande føremål:

### På barmark:

- Transport av ved, når det kan gjerast utan særleg skade, f.eks. etter traktorveg.
- Transport av byggjemateriell e.l. på barmark etter traktorveg/ eksisterande spor.
- Tømmertransport for grunneigarar som ikkje har jord- eller skogbruk som næring.

### På snødekt mark:

- Ervervsmessig transport (leige-/oppdragskøyring), jf. § 5 bokstav a) i forskrifta.
- Transport av personar med varig funksjonshemmning, jf. § 5 bokstav b) i forskrifta.
- Transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte, når det i området ikkje er mogleg å gjere nytte av ervervskøyring, jf. § 5 bokstav a) i forskrifta. Aktuelle krav og vilkår ved eventuell tildeling av slike løyve:
  - *Køyringa må følgje bestemte trasear.*
  - *Talet på turar må avgrensast ut frå behovet for transport.*
  - *Talet på dagar/tidsrom for transporten må avgrensast mest mogeleg.*
- Køyring i utmarksnæring for fastbuande, jf. 5 bokstav d) i forskrifta.
- Transport av ved ut over det som er heimla i lov eller forskrift, jf. § 5 bokstav c) i forskrifta.

Søknaden kan også gjelde ”særleg grunnar” og ”særlege behov” som ikke kan dekkjast på annan måte, og som ikke er knytt til turkøyring, jf. motorferdslelova § 6 og forskrift om motorferdsle § 6.

#### Aktuelle vedlegg til søknaden:

- Kart i målestokk 1 : 50 000 med inntekna køyrerute eller køyreområde. Dette gjeld spesielt ved søknad om løyve til ervervskøyring (leigekøyring).
- Legeattest ved søknad om transport av personar med varig funksjonshemmning, jf. § 5 bokstav b) i forskrifta.
- Eventuelle løyve frå vernestyremakter (Stølsheimen landskapsvernombområde m.fl.).

Søkjær må sjølv syte for å få løyve frå grunneigar før transport. Grunneigar har rett til å nekte eller avgrense motorisert ferdslle på sin eigedom, med unnatak av når ferdsla er heimla direkte i motorferdslelova, t.d. knytt til redningsteneste, offentleg oppsynsteneste eller politi.

### **3.0 SAKSHANDSAMING – REGLAR, OMSYN OG PRIORITERINGAR**

#### **3.1 Sakshandsamingstid**

Svar på søknadar i delegerte saker skal gjevest innan 3 veker etter at søknaden er registrert i kommunen, og innan 2 månader ved politisk handsaming.

#### **3.2 Sårbare/utsette område**

Område som det bør takast spesielt omsyn til ved sakshandsaming:

- Høgfjellsområde over tregrensa.
- Leveområdet for villrein i Fjellheimen villreinområde, med vekt på trekkvegar, vinterbeiteområde og kalvingsplassar.
- Leveområde/biotopar der ”føre-var-prinsippet” og ”samlet belastning” etter naturmangfaldlova kan gjere seg gjeldande.
- Område i og nær hyttefelt i tider med stor utfart (ved høgtider o.l.).
- Viktige tur-/rekreasjonsområde (skiløyper, utfartområde o.l.).

#### **3.3 Tidsavgrensing**

Korkje lova eller forskrifta seier noko om køyreforbod på heilagdagar eller andre faste datoar. Kommunen kan derimot legge inn slike vilkår i løyve som vert gjevne, når dette er tenleg ut frå lovverket sitt føremål. Ei slik regulering kan heimlast i motorferdslelova § 8:

*“Motorferdsle i utmark og på vassdrag skal foregå aktsomt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljøet og mennesker”.*

Bruk av tidsavgrensing som vilkår kan variere med periodar på året og område for køyring, alt etter kor sårbar situasjonen er til kvar tid.

Ei eventuell tidsavgrensing vil ikkje gjelde føremål som er nemnd i § 2 i forskrifta, eller ved preparering av lysløyper o.l, når dette vert gjort av kommunen, idrettslag, hjelpekorps eller turlag. Det same gjeld ved transport av personar med nedsett funksjonsevne, når det er gjeve løyve etter § 5 bokstav b) i forskrifta.

Siste køyredag med snøskuter/beltekøyretøy på snøføre, vert sett til **25. april**. Dette gjeld transport etter §§ 5 og 6 i forskrifta. Det kan i spesielle tilfelle gjevast utsett frist etter søknad.

### **3.4 Ervervkøyring med snøskuter (oppdrags-/leigekøyring)**

Målet er at mest mogleg av snøskutertransporten i kommunen etter §§ 5 og 6 i forskrifta, skjer som ervervkøyring, ved at personar med ervervsløyve fraktar materiell, utstyr o.l. etter avtale med oppdragsgjevar.

Ervervsløyve skal i utgangspunktet knytast til fastbuande etter søknad, jf. forskrift om motorferdsle § 5 bokstav a. Følgjande vurderingar og vilkår skal leggjast til grunn ved tildeling av løyve:

- Løyveperioden kan gjelde for inntil 5 år om gongen.
- Næringsmessig tyding av løyvet for sokjar, skal vektleggjast.
- Anna beltegåande køyretøy enn snøskuter, som eignar seg for ervervkøyring, kan godkjennast.
- Det er naturleg å vektleggje erfaring frå ervervkøyring.
- Det vert ikkje innført eit øvre løyvetal for kommunen, men løyve til å köyre i det same området/den same traseen skal tildelast etter behovsvurdering.
- Det skal leggjast vekt på geografisk fordeling.
- Transporten må ta omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Ervervkøyring kan berre gjerast på oppdrag, og den best eigna ruta skal nyttast til kvar tid.
- Alle godkjende køyretøy for ervervkøyring skal ha oblat, utsendt av kommunen.
- Etablering av GPS-spor i førekant av oppdrag, kan inngå som del av transporten, saman med oppkøyring av trase ved kraftig snøfall, i førekant av *tinga* oppdrag.
- Det skal førast køyrerebok for kvart oppdrag, som skal visast fram på førespurnad.
- Kommunen kan trekkje inn tildelte løyve ved brot på regelverket, eller der behovet for køyring ikkje lenger er til stade.

### **3.5 Snøskuterløyper**

Kommunen kan med bakgrunn i lokal forskrift, etablere faste løyper for snøskuterkøyring, og setje vilkår for bruk, jf. Forskrift om motorferdsle § 4a andre ledd. Kommunen har ikkje slike løyper.

### **3.6 Landing med luftfartøy (helikopter og sjøfly)**

Kommunen kan på bakgrunn av motorferdslelova § 5, gje løyve til landing med luftfartøy på bestemte stader i utmark og på vassdrag. Dette krev utarbeidning av lokal forskrift. Vaksdal

commune har ikkje oppretta slike stader, og søknadar om landingsløyve for helikopter eller sjøfly må gjerast etter § 6 i motorferdslelova (“særlege grunnar”). Her er det avgjerande at transporten er knytt til eit nytteføremål, og ikkje ber preg av unødvendig køyring eller “fornøyelseskøyring”.

Søknadar om løyve etter “særlege grunnar” skal vurderast enkeltvis, i tråd med lova sitt føremål. Vurdering etter skjønn skal ligge til grunn når kravet til “særlege grunnar” er innfridd.

For definisjon av landing med helikopter, tek kommunen utgangspunkt i dom frå Norges Høyesterett av 08.05.2012. Retten slo fast at naturleg språkforståing tydar at det ikkje er landing før luftfartøyet har kome i kontakt med bakken. Unnataket er når fartøyet står like over bakken for å handtere personar og eller materiell, jf. pkt. 8.2.1 i Rundskriv T-1/96 .

### **3.7 Bruk av motorfartøy på vassdrag**

Kommunen kan med bakgrunn i lokal forskrift, gje løyve til å bruke motorfartøy på innsjøar mindre enn 2 km<sup>2</sup> når “særlege grunnar” ligg føre, jf. § 5 første ledd i lova. Kommunen har ikkje ei slik forskrift.

Kommunen kan ved enkeltvedtak gje løyve til bruk av motorfartøy med elektrisk motor på innsjøar mindre enn 2 km<sup>2</sup>, jf. forskrifta § 5 tredje ledd. Her skal det takast omyn til innsjøen som levestad for viltartar og fuglar, spesielt hekkeområde.

### **3.8 Elektriske syklar**

Elektriske syklar kan nyttast i utmark, jf. definisjon i forskrifta om motorferdsle § 2a første ledd.

Kommunen kan etter § 2a andre ledd, avgrense eller setje forbod mot bruk av elektriske syklar i heile eller delar av utmarka ved lokal forskrift. Kommunen har ikkje ei slik forskrift.

### **3.9 Persontransport**

I følgje Rundskriv T-1/96 sin omtale, er regelen at det ved snøskutertransport av materiell, utstyr og liknande, ikkje kan gjevast eige løyve til vanleg persontransport som føremål. Men det er høve til å sitje på, når det er plass. Slik transport skal i utgangspunktet ikkje føre til ekstra køyring.

Søknadar om persontransport grunna alder eller helse, skal vurderast etter § 6 i forskrifta («særlege behov»).

Ved kombinasjon mellom vare- og persontransport med helikopter, der varetransport er hovudføremålet, vil kommunen vektleggje søknadar som koordinerer transport mellom fleire sokjarar. Døme er fast, årleg transport til fleire hytter i eitt område. For praksis ut over dette, vert det vist til lovverket sine reglar om transport som involverer personar på ulike måtar.

### **3.10 Transportbehov ved funksjonshemming**

Personar med nedsett funksjonsevne skal ved behov for snøskutertransport, søkje om løyve etter forskrifta om motorferdsle i utmark § 5 bokstav b. I tillegg kan det ved «særlege behov» gjevast løyve etter § 6 i forskrifta (gjeld ved alder/mellombels sjukdom og ved bruk av annan transport enn snøskuter).

I følgje Rundskriv T-1/96 må behovet for transport sjåast opp mot eventuelle ulemper som kan oppstå. Her vil kommunen ta utgangspunkt i rundskrivet sin presisering om at *personar med funksjonshemmning står i ein særstilling med omsyn til transportbehov, og soleis må gjevast mogelegheit til å bruke motorisert ferdsl i større grad enn andre grupper.*

Det kan krevjast legeattest, og kommunen kan setja vilkår for val av trasé. Type transport/køyring skal også vektleggjast.

Døme på løyve etter § 6, kan vere transport til ei hytte, ein utfartsstad eller ein stad sokjar er sterkt knytt til.

### **3.11 Formuell mynde - delegasjon**

Handsaming av søknadar om motorferdsle i utmark skal skje etter kommunen sitt gjeldande delegasjonsreglement til kvar tid. Dagens reglement delegerer ansvaret for slike saker til administrasjonen, ved kommunedirektør.

### **3.12 Informasjon, oppsyn og handheving**

Vaksdal kommune har ansvar for å informere om grunnlaget for motorferdsle i utmark.

Ansvar for kontroll og handheving ligg hos politiet og Statens naturoppsyn. Kommunen kan også gjennomføre kontroller.

Brot på regelverket kan føre til bøter etter § 12 i Lov om motorferdsle i utmark og vassdrag.